

13/20

Brüvik 12/5-70

Häusevik F.K. har i 1969 ikkje stillt med nokre lag i serien på grunn av dårleg økonomi. Aktiviteten til vaksnelaget<sup>(senior)</sup> har ikkje vore stor, men blandt dei yngre har det vore ein stor aktivitet. Gulelaget har med sikte på å stilla lag i serien i 1970, spela ca. 20 privatkampar, og dei har møtt dei fleste gulelag dei kjem til å møte i serien. Guleane har i det heile tatt vist ein enestående treningsiver, så på styremøte bli det bestemt at sjølv om økonomien fremdeles er dårleg, så skal vi stilla gulelag i serien 1970. Det er jo svært dyrt å ha lag i serien når ein ikkje har heimelana, men må leiga bana i Fotlandsvagen, slik at ein får både baneliga og dyre reisegifter i tillegg til dommarpengane.

Vi har ved hjelp av dansetilstellingar  
og loddsalg fått eit lite overskudd i  
kassa, men den økonomiske støtta er  
fremdeles dårleg, i og med at me  
fremdeles har nokre hundre kroner  
utestående i ubetalte regningar til  
reisutgifter. Fremtidsplanane for laget  
må vera fyrst og fremst å satse på  
dei yngre, men dersom bana i Høyvik  
bjem i brukbar stand til 1971, vil  
vi også forsøka med seniorlag.  
Laget har ca. 20 gutter og 20 voksne  
medlemmar.

For Høyvik Fotballklubb.  
Agne Nordus  
5247 Bråvik.

(sender med regnskapen for 1969)

1969

# Regnskap Hausvik fotballklubb 1960.

1/1	Skassa	17,44	
29/1	Dansar	3024,19	
30/1	Betall Haus samvirke		588,27
30/1	Tono		60,-
30/1	Musikk		1450,-
	Pølser		143,-
	Middalen Ungdomslag (leigevhus)		380,-
	Drosje		38,-
	Loddsalg	125,-	
	8 fotballer		50,-
	Haus Rikstelefonentral		36,30
	Bergen + omegn fotballkrets		25,-
		<u>3166,63</u>	<u>2770,57</u>
1/1 - 70	Skassa	<u>396,06</u>	

Age Nordas  
form.